

Emnenr. 44

Fylke:

Telemark

Tilleggsspørsmål nr.

Herad:

Rauland

Emne:

Neving

Bygdelag.

Oppskr. av:

Signe Hango Svareastoga

Gard:

Svalastoga

(adresse):

Rauland

G.nr. 41

Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Sp. 1.

Vadmål. Tend og hviskjeft. (Hoskatt) Strige.

Oppskrifta på desse vadmålane finst i alle vestbøker.

Vendevadmål var kjuktast og sterkast å slite på.

Kruslevend; Der brødde dei som til strige, brødde som til vend. Vadmålet vart då nota tinnare.

I karakleda var kuffa og bukse av vendevadmål vesten og underbuksa av kruslevend. Mange brukte undertrøye av farga kruslevend til kvardags. Skjorta var av hermestovet strige det er minnest. Tidlegare var det lin.Sokkane var hermespita (strikka) av Arilagt garn.Til stasbruk var dei pottebli med fine bordar oppe og kvitt i baa. Vesten var av vadmål med vestebul av strige. Vest og kuffe var syltøknappa til høgtidsbruk. Sokkbanda var, slengde i mange fargar. Tøitband var i bruk til vottar, men er hugsar ikkje dei brukte det i sokkar. Snøsokkar av vadmål og fipatrindsko (av fipir, bakfötter, av halv, rein) var vanleg i skogen.

Sp. 2.

Korndellede var stakk, upplut, forkle, skjorte, understakk, bukse. Stakken var av hviskjeft vadmål svart eller blått. Uppluten og forkleet var av kjøpetøy til høgtidsbruk, skjorta av strige eller lin, utsauma til høgtids. Forkleband og hærband var brogda i fleire fargar. Midt etter bandet var ymse mynster: åtteladrosar, kistur og krossir, o. a. I kantane av bandet var, utbrogd. Det var helst, geiteklauv. - Understakken var

av farga vadmal, gjerne rind. Til stas var det
kvit, serk av lereft ell. lin med bord nede.

Buksa var helst av bomull.

Eldre folk fortalde at når ei jente kom til gards,
mätte ho ha med gåver til syskena at brudgom-
men. Det var helst vovne band, sokkeband, vatter.

Desse tinga laut ho ha laga sjölv. Det var visst
ei prøve på kor flink ho var med hendene.

Reiskapen til bandveving heiter store. Ei store
minner nok om Lypstadvevqorn.

Sp. 4.

Sengeomheng var visst ikkje i bruk.

Sp. 5.

Sengeklede og seng til kvardagsbruk.

Det vanleg var halm i sengene. Senge heitte gjerne
koila, sengehalmen kalla dei koilebos. Over
boset kom bos-verja. Det var gjerne senge klede
som ikkje var så fine lenger. Så kom under-
breis-fjeldet og ivibreis-fjeldet. Dei var heime-
vovne og stampa heime. Nevnaden var gjerne vend.
Det var Avispel-fjeld og Brispol-fjeld etter som det
Arongst. (Fjeld-ulltype). Dei var kvite eller grå
med raud, blå eller brune render til stas. Fjeld
vot dei i vanleg vevqorn og same vev-
breidene (spoline) saman.

F puta var dun, stampelo eller reinskiv. Vart
var strige.

Oppi ivibreis-fjeldet kom fjdda (skinnfellen). Den var
av sanskinn. På den snare sida var måla rosur.
Målinga skulle vera laga av orebord, kurvelake,
fjörvage. Oppi fjdda låg rugga. Den var brogda
i mange leter. F vevbøkene heiter monstret Krok-
bragd. - Dyrer og lalen berre til gjesesongar.

Sp. 6.

På gardane var oftast gamle heimeverka lindukar
med "flette" i endane, men også kjøpte dukar.
Serviettar var ikkje i bruk her.

Sp. 7.

Strigevovne eller vevvovne.

Sp. 8.

Folk har kunna synse slag vevnad her frå gam-
malt. Oppsetjinga er jamnast å finne i vevbøkene

no, men det har jamleg vore andre namn.

Ruggeseren er alt nemnd. Han heiter dobbel kross-bragd i bøkene. Ein brukar 3 skapt.

Til fleire av teppa mi ein ha to slag hovet, vanlege hovet til botnen og mønsterhovet med lange auger til mønsteret. Slik er det t. d. med Telemarksteppet. Ringvord i vestbøkene er nok så likt Telemarksteppet.

Det som i vestbøkene heiter Nordlandsteppet heitte her oftast Svensketeppet. Dei skilde mellom Kristne teppe og Kisteteppet. I Kristneteppet var det gjerne fleire og blankare fargar. Dei hadde dei kring låpsborna. Kisteteppet la dei på kista når dei kjøpte den døde til kyrkja. Slike teppe hadde gjerne gule og svarte fargar i mønsteret.

Emette ikled heitte Dokke ikled. Namnet heng saman med at vevaren lagar seg små dokker som ho bredde mønsteret med. Handelskarane kom jamleg att med slike ikled frå Skottlandet. Difor heitte dei nordmann-ikled og. Vestlendingane kalla dei "nordmennar" her.

Ein gammal vevnad i Rauland på dúnkar. Kalla dei gåsange-vevnad, forbi P. Berge.

Det som er skrive her om gangklede og sengekled er frå så langt attende som eg kan minnst. Eg er 66 år.